


M U BEVARINGS-
H O TENESTENE

Årsmelding 2022



Årsmelding 2022

Bevaringstenestene (BEV) er ei felles teneste innan bevaring og konservering av samlingane til dei konsoliderte musea i Vestland. Vi har ansvar for eit fellesmagasin av god kvalitet. Vårt mål er at vi saman med musea bidreg til å bevare vår materielle kulturarv ved å bremse dei prosessane som naturleg bryt ned gjenstandane, enten det er på utstilling, på magasin eller i eit historisk interiør.

Det er lagt ned eit stort og solid stykke arbeid i å utvikle konseptet for eit nytt samlingssentrum for musea i Vestland det siste året. I august var rapporten ferdig og sendt til politisk handsaming hjå fylkeskommunen. Vi valde å endre namn frå *Nytt fellesmagasin for musea i Vestland* til *Nytt samlingssentrum for musea i Vestland*, da dette ikkje berre skal vere eit magasin for god bevaring av museumsgjenstandar, men og vere ein stad der samlingsforvaltarar frå dei ulike musea arbeider saman og ser dei ulike museumssamlingane i samanheng. I samband med rapporten oppdaterte vi arealbehova, undersøkte ulike tomtealternativ og var på studietur til tre ulike magasin i Nederland. Rapporten kan lastast ned frå våre heimesider, [013Amt8SAWJq \(dimu.org\)](#).

Vi har endra namn på arbeidet vi gjer for musea i Vestland frå Revita til Fellestenestene for samlingsforvaltning, då vi ser at vi treng å kommunisere og planlegge arbeidet vi gjer for musea betre. Ida Areklett Garmann har fått ansvar for å koordinere dette viktige arbeidet, medan Heidi har ansvar for å koordinere innflytting i magasin. Vi har, som noko nytt, innført eigne planleggingsmøte med kvart enkelt museum, slik at vi kan komme tidleg i gang med å planlegge det nye året.

I april tok Tale Annesdatter Aasheim til i stillinga som prosjektleiar for dokumentasjonsteamet, som er eit treårig prosjekt, for å styrke musea sitt arbeid med dokumentasjon. Vi har difor oppmoda musea om å prioritere dokumentasjon- og magasinprosjekt, både for å nytte den ekstra ressursen vi har i samband med dokumentasjonsteam, og for å starte prosessen med å forberede samlingane til flytting til nytt fellesmagasin.

Avdelinga fekk seks nye tilsette i 2021 og 2022, og for at vi skal bli betre kjent med kvarandre og oppdatere kvarandre på faglege og driftsmessige saker har vi innført ei kort samling kvar måndag morgon kor vi held korte presentasjonar for kvarandre. Dette er en fin sosial arena samstundes som vi lærer av kvarandre.

Vi har fire faste avdelingsmøte i løpet av året, og atelierleiarane, nestleiar og avdelingsleiar har månadlege planleggingsmøte.

Den 29. august hadde vi eit hyggeleg besøk av barne- og familieminister Kjersti Toppe. Bakgrunnen for besøket er at Regjeringa har bede Riksantikvaren om å utarbeide eit forslag til bevaringsprogram for kyrkjene. Ministeren ønskte å få eit innblikk i korleis vi arbeider med kyrkjelege gjenstandar, og kva kompetanse vi har samla i vårt fagmiljø. Vi håper at dette på sikt skal gje oss fleire oppdrag for kyrkjene.



Liesa syner ministeren eit alterklede i skinn frå Udenes kyrkje

Tilsette i 2022:

Torunn Kojan Bøe, avdelingsleiar
Ida Areklett Garmann, nestleiar og tekstilkonservator
Philippa Moxon, atelierleiar tekstilatelieret
Liesa Berens, atelierleiar kulturhistorisk atelier
Signe Thøgersen, tekstilkonservator
Emma Hartikka, tekstilkonservator
Heleen (Lena) van Santen, metallkonservator
Sian Pirnie, gjenstandskonservator
Ida Fløystad Brevig, gjenstandskonservator
Heidi Seilfaldet, museumskoordinator
Natalija Ćosić preventiv konservator
Anders Gjølås-Andersen, preventiv konservator
Tale Annesdatter Aasheim, prosjekt dokumentasjonsteam
Royla Eriksen, driftsleiar
Abdel Karim M. Gadle, reinhaldar
Liudmila Karpenka, reinhalder (vikar)

Formidling

Målsetjinga for formidlingsverksemda vår er å spreie kunnskap om alle sider av fagfeltet konservering, bevaring og samlingsforvaltning.

Våren 2022 kunne vi endelig halde fysiske kurs igjen etter pandemien. I februar heldt vi eit kurs om gjenstandshandtering for nye tilsette i Museum Vest og KODE, og i mars heldt vi eit kombinert tekstil- og gjenstandshandteringskurs for tilsette i musea i Sogn og Fjordane.

Tekstilkonservatorane utarbeidde og gjennomførte eit nytt kursopplegg om merking av gjenstandar med museumsnummer for KODE, og våre preventive konservatorar hadde eit heilt nytt kurs om mugg og helsefarlege stoff i samlingane, med deltakarar frå MiSF, Bymuseet, MUHO og Museum Vest.



T.v. Kurs i merking av gjenstandar for tilsette på KODE



T.h. Kurs i tekstil- og gjenstandshåndtering for tilsette frå Musea i Sogn og Fjordane

I november heldt Torunn eit innlegg for leiarane ved musea i Vestland på fylkeskommunen sin årlege museumskonferanse i Sogndal om arbeidet vi gjer for musea.

Vi har blitt intervjuet og filma tre gonger i løpet av året. Den eine gongen var av NRK om konserveringa av ein barnekjole frå Museum Midt. Intervjuet skal komme både i podcast-format og som film (artikkel) på NRK sine nettsider. Den andre gongen var i samband med ein dokumentar om restaureringa av Gamlehaugen av Pandora film på oppdrag av Statsbygg. Vi vart filma ein heil dag om dei ulike konserveringsoppdrag som vi har gjort for dei både innan tekstil og gjenstand, og dokumentaren skal vere ferdig om to år. Den siste er filminga av flytting av gravferdsvogner for Bymuseet.

Ida og Natalija har skrive ein artikkel som bidrag til ICOM-CC kongressen i Valencia i september 2023. Artikkelen omhandlar arbeidet vi har gjort med å undersøke behova musea har i samband med nytt fellesmagasin, og korleis fokuset dreia frå at det nye bygget først og fremst skulle vere eit fellesmagasin, til at vi ønskjer det skal bli eit samlingssentrum der musea får arbeidsrom og betre føresetnader for å samarbeide og å sjå samlingane under eitt.

Marknadsføring

Vi legg jamleg ut innlegg på Facebook og Instagram om arbeid vi gjer for musea og våre kundar. Vi ser at innlegga skaper stort engasjement primært blant samlingsforvaltarar i heile landet.

Vi må heile tida ha fokus på å få inn nye oppdrag, og kjøpte difor tre annonser i Museumsnytt for å marknadsføre våre tenester.



Forvaltning

Vårt mål er å levere tenester på eit høgt nivå innan førebyggjande konservering, bevaring og samlingsforvaltning til dei konsoliderte musea i heile Vestland fylke. Vi tilbyr også våre tenester til eksterne kundar nasjonalt.

Fellestenestene for samlingsforvaltning

Innflytting i fellesmagasinet

Det er no 12 år sidan dei første gjenstandane vart flytta inn i fellesmagasinet, og vi har flytta inn over 20 000 gjenstandar. I fjor vart det flytta inn 1403 gjenstandar, som er dobbelt så mykje som tidlegare år.

I tillegg til dei flytteprosjekta musea har meldt inn på vanleg vis, tok vi inn ekstra mange gjenstandar frå KODE i 2022. Dette gjeld glas- og porselensgjenstandar som på relativt kort varsel måtte flyttast frå museet sitt magasin i sentrum. I tillegg tok vi inn fleire metallgjenstandar og porselen frå Lysøen. Desse gjenstandane står på vent slik at vi tek dei gjennom dokumentasjonsprosess etter kvart som vi har tid til det.

Musea leverer ein del gjenstandar som ikkje kan frysast eller varmebehandlast. Vi har laga eit system for å ha desse i karantene, og etter eitt år tek vi dei gjennom dokumentasjonsprosess. Dette speglar også talet på innflytta gjenstandar i statistikken vår.

Magasinert (avslutta flytteprosjekt) 2022				
Institusjon				
	2009-2021	2022	Utlevert	Sum
Baroniet Rosendal				
Bymuseet i Bergen	6106	212	-3	6315
Hardanger og Voss museum	749			749
KODE	3270	545	-9	3806
Museum Vest	4470	593	-1	5062
MUHO	3247	52		3299
Kraftmuseet	166	1	-1	166
Sunnhordland Museum	917			917
Sum	18925	1403	-14	20314

Vi har starta små revisjonsprosjekt. Det gjeld særleg tekstilar der pakkemateriellet har mist mykje av bufferfunksjonen sin. Vi pakkar gjenstandane på nytt, og i nokre tilfelle tek vi også nye foto. Vi har tidlegare nemnd at eit slikt prosjekt er starta for tekstilar frå Alvøen, og i sommar starta vi eit mindre revisjonsprosjekt på dei rulla tekstilane Bymuseet flytta hit i samband med Pilotprosjektet i 2009. Vi har bytta ut både rull og silkepapir i tillegg til at vi har tatt nye foto som presenterer gjenstanden på ein betre måte i Primus og Digitalt museum. Dette er eit arbeid som vil halde fram i ledige stunder.

Vi gjer det same med ein del lange akvarellar i Museum Vest sine samlingar. Desse er rulla på pappør med for liten diameter, og dei blir no rulla på nytt for ei betre bevaring. Papiret akvarellane er malt på har varierende kvalitet, noko som gjer at fleire av dei er svært skjøre. Slike revisjonsprosjekt er ein viktig del av den langsiktige samlingsforvaltninga.



Japansk papirdrake frå Bergens Sjøfartsmuseum sine samlingar.

Baroniet Rosendal

Møbel- og gjenstandskonservator har tilstandsvurdert to hestevogner og to sledar for konservering. Alle insektsfeller på slottet vart undersøkt samstundes. Museet har utfordringar med klesmøll i eit av romma, og vi kartlegg omfanget.

Bymuseet i Bergen

I april gjennomførte gjenstandskonservatorane eit tredagars housekeeping-prosjekt på Frydenlund i Gamle Bergen saman med vår student Therese og tilsette frå museet. Dei reingjorde tapetane og andre overflater i romma.



Reingjering av tapet på Frydenlund i Gamle Bergen

Vi har konserverert to lysekroner i forgylt messing med glaskrystallar som eit betalt oppdrag.

Tekstilkonservatorane har reingjort og saumkonserverert sju stolar som tilhøyrrer høgsetebordet i Håkonshallen. Tre av stolane har høge ryggar og er dekkja av eit oransje stoff som er laga av Synnøve Anker Aurdal.


Sju gardiner av Sigrun Berg vart tekne ned og reingjort med støvsugar for å fjerne laust støv og smuss. Deretter vart dei hengt opp att med nye fingerkrokar som ikkje gjer skade på gardinbandet.

Vår metallkonservator har tilstandsvurdert to innebygde støypejernsovnar på Lepramuseet. Tilsette ved museet har rapportert om at golvet søkk, og at det er høg luftfuktigheit i romma. Omnane har mellom anna strukturelle deformasjonar og jernet har korrodert. Ein tilstandsrapport er sendt til museet.

Hardanger og Voss museum

Gjenstandskonservatorane har vore i Øystese og hjulpet til med pakking og flytting av skulpturar frå Ingebrigt Vik Museum. Museet skulle male veggar og golv, og det var difor naudsynt å flytte så mange skulpturar som mogleg for at dei ikkje skulle bli utsett for byggstøv. I tillegg vart ein del skjøre statuar flytta til ein del av bygget som ikkje var omfatta av bygningsarbeid. Desse vart forsegle med Tyvek og byggplast.

Tekstilkonservatorane har konserverert og montert fem folkedrakter på glasfiberdokker i samband med den nye utstillinga på Voss folkemuseum. To av draktene var ferdig konserverert i 2021 og vart montert i utstillinga i januar i 2022 samstundes som dei tre neste draktene vart pakka ned og frakta til Salhus. Det vart utført saumreparasjonar og glatting av stoffet på alle draktene.



Tekstilkonservatorane Emma og Signe monterer tekstilar i ny utstilling på Voss folkemuseum

MUHO

Konservatorane har planlagt og gjennomført hovudreingjering i skulestova på VUS, og i Fjellskålnesloftet og Kleivelandsstova på OM. Det primære målet med slike prosjekt er sjølv sagt å få gjort grundig reint, men også å lære tilsette opp slik at dei kan arbeide meir sjølvstendig med gode reingjeringsmetodar ved seinare høve.

Det er gjort ei vurdering på VUS om det skal gjennomførast eit RE-ORG-prosjekt i Emigrantkyrkja. Denne er ein del av museet, men vert også brukt i kyrkjelege handlingar. VUS må difor avgjere kva som er museumsgjenstandar, som ikkje kan brukast i rituelle handlingar, og kva som er bruksgjenstandar for kyrkja.

Museum Vest

Tekstilkonservatorane har tilstandsvurdert fem japanske papirdrakar for Bergens Sjøfartsmuseum. Drakane er opp mot 2 m lange og måtte få tilpassa øskjer både i lengd og breidd. Konservatorane har også tilstandsvurdert andre svært skjøre asiatiske gjenstandar.

Vidare har vi gått gjennom akvarellar og ein del gipsavstøypingar av ulike fiskeartar. Fiskane kjem frå Fiskerimuseet og har følgt museet sidan starten. Dei var oppbevarte i eit fuktig klima, noko som utgjorde eit stort skadepotensiale for gipsen. Vi kan konstatere at dei har hatt godt av å bli flytta til fellesmagasinet; gipsen har stabilisert seg og vi fann heller ingen spor etter skadeinsekt. Fiskerimuseet har også hatt ein del måleinstrument i karantene.

Vår møbel- og gjenstandskonservator har, i samarbeid med metall- og preventiv konservator, utarbeidd ein sårbarheitsanalyse for Hanseatisk museum. Rapporten gjev råd om kva gjenstandar som kan stillast ut, kor i bygningen dei kan stå og korleis dette kan gjerast for best å bevare dei på utstilling i Finnegården når bygningen er ferdig restaurert. Rapporten er sendt til utstillingsgruppa ved Det Hanseatiske museum.

Tekstilkonservatorane har reingjort og pakka om eit lerretstapet frå Hanseatisk museum for magasinering. Tapetet var teke ned frå veggen i samband med restaureringa av bygga.

Museum Vest oppdaga eit omfattande muggangrep ved Bontelabo i samband med utflyttinga frå magasin. Konservatorane har vore på synfaring og utarbeidd ein rapport med råd om korleis dette materialet bør handterast både av omsyn til gjenstandane, men og for personalet som skal arbeide med dei da muggsporar utgjer ein potensiell helserisiko.



Tale reingjer gjenstandar frå Noregs fiskerimuseum

KODE

KODE har i all hovudsak nytta fellestenestene til å flytte inn gjenstandar i fellesmagasinet. Når det gjeld oppdraget som dei betaler oss ekstra for har arbeidet det siste året i hovudsak vore knytt til klargjering og flytting av gjenstandar frå Lysøen, innflytting i nytt magasin på Kokstad, utlåns- og tilstandsrapportar for kunstverk som KODE skal låne ut eller ha på eigne utstillinger. I tillegg til reingjering, konservering og/eller montering av gjenstandar og tekstilar før utstilling.

Liesa, som er KODE sin kontaktperson hjå oss, og Ida A.G har delteke på digitale planleggingsmøte kvar veke saman med prosjektleiaren for Lysøen, og har kome med råd og innspel i planarbeidet. Vi har klargjort gjenstandar for utflytting frå villaen ved å tilstandsvurdere, sikre og pakke dei. Mellom anna har vi demontert møblar saman med kunsttransportfirmaet MTAB og gitt råd om korleis lamper og tekstilar bør pakkast. Vi har også sikra lause malingslag på møblar før transport. Ei vedkorg med svært nedbrote treverk vart konsolidert av vår praksisstudent og flytta til magasin.

Fire av Ole Bulls fiolar blir vist på Rasmus Meyers samlinger i KODE 3. Vi har reinsa fiolinane og konservert ein fiolinkasse med fiolinteppe. Vi har også hjelpt til med montering av instrumenta og laga ei støtte for lokket til fiolinkassen.



Vi har vore på synfaring i KODE sitt nye magasin på Kokstad og gjeve råd om magasininnreiing og innflyttingsprosessen.

Vi har sett opp innsektfeller i alle KODE sine bygningar og sjekkar fellene kontinuerleg som eit ekstra oppdrag for museet.

Vi hjelper KODE med flytteprosjektet frå sentrum til det nye magasinet på Kokstad. Etter å ha pakka sårbare glas- og metallgjenstandar i vår, har tekstilkonservatorane halde fram med å pakke tekstilar og lage instruksjonar for pakking av små todimensjonale tekstilar. Vår gjenstandskonservator har undersøkt tilstanden til speglane før transport og om spegelglaset inneheld kvikksølv.

På kulturhistorisk atelier held vi fram med konservering av ein stor kinesisk skjermvegg. Etter at den lakkerte overflata er konsolidert fyller vi no område der den originale overflate er tapt for å sikre den lakkerte overflata ytterlegare og for å redusere den distraherande effekten av tapa. Vi har og konserverert ei stor forgylt ramme til Christian Skredsvig-maleriet «Snekjøring på Seinen». Vi har gjort innfyllingar i område der forgyllinga har gått tapt, og erstatta eit manglande dekorelement.



Utlåns- og tilstandsrapportar for kunstverk som KODE skal låne ut eller ha på eigne utstillingar, samt reingjering, konservering og/eller montering av gjenstandar og tekstilar før utstilling er detaljert beskrive i løypemeldingane.



Emma og Philippa konserverer eit tekstilverk av Damien Ajavon

Musea i Sogn og Fjordane

I tillegg til å halde kurs i tekstil- og gjenstandshandtering for tilsette i museet har vi delteke i brukargruppa for bygginga av nytt magasin, som har tett kontakt med entreprenøren. Sjølve byggeprosjektet er no delt i to byggesteg der ein reknar med eitt års byggetid for første steget.

Felles beredskapsgruppe for arkiv og museum i Hordaland

Ny oppdatert kontakt for beredskapsgruppa vart sendt ut til signering i desember. Diverre rakk ikkje alle partane å signere innan fristen, og den vil difor bli sendt ut på nytt til dei som ikkje har signert.

Vi hadde besøk av Jens Lauritzen, som er fagsjef RVR i Finans Norge 6. desember. Han var interessert i korleis vi har organisert arbeidet i beredskapsgruppa.

Det er gjennomført to Teamsmøte i arbeidsgruppa for beredskapsgruppa. Vi held fram med å utarbeide verdibergingsplanar for musea. Dette er ein plan for prioriterte gjenstandar som brannvesenet skal redde ut i ei krise som til dømes brann eller flaum. Målsetjinga er at alle musea får på plass minst ein plan kvar. Vi har fått museumsloftmidlar til dette arbeidet, og det er kjøpt inn brannsikre skap til kvart museum.

Vi deltek på møte i ei uformell gruppe beståande av representantar frå Cowi, Oslo Brann og Redning, Bergen Brannvesen, NIKU, Riksantikvaren og KA for å drøfte aktuelle tema innan brannsikring og verdiberging av objekt med høg kunst og/eller kulturhistorisk verdi.

Samlingsrådet og brukarforum



Frå møte i Samlingsrådet og Brukarforum på Sunnhordland museum

I oktober vart det halde møte i Samlingsrådet og Brukarforum. Vi hadde møta på Sunnhordland museum, og samlinga gjekk frå lunsj til lunsj 20.-21. oktober. Den første dagen hadde vi invitert Ann Siri Garberg frå Musea i Sør-Trøndelag til å halde ein workshop om samlingsforvaltning og vanlege utfordringar. Dette var nyttig og kjekt, og vi ser at musea har mange av dei same utfordringane i heile landet. Det gav gode diskusjonar, og det er fint å få eit eksternt blikk på arbeidet ein gjer. Dagen vart avslutta med at vi fekk prøve museet sitt escape room. Andre dag gjekk med til møta i Samlingsrådet og Brukarforum. Ei viktig sak som vart vedtatt, er at vi ønskjer å slå saman Samlingsrådet og Brukarforum, og det vart sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på organisering og nye vedtekter.

Arbeidsgruppa beståande av Eva Moberg (Vlfk), Jan Heggheim (MiSF), Sølvi Vik (Bymuseet, leiar for Brukarforum og Samlingsrådet) og Torunn Kojan Bøe hadde to digitale møte 9.11.2022 og 18.11.2022. Gruppa var einige om at det mest formålstenlege er å slå saman dei to organa Brukarforum og Samlingsrådet til eitt organ kalla Samlingsutval for musea i Vestland. Her møter ein representant frå kvart av dei konsoliderte musea i tillegg til tilsette frå Bevaringstenestene.

For å få ei breiare forankring av arbeidet til Samlingsutvalet foreslo arbeidsgruppa at det blir sett ned eit museumsråd beståande av to direktørar, ein representant frå Vlfk, leiar og nestleiar av Samlingsutvalet samt avdelingsleiar ved Bevaringstenestene. Avdelingsleiar ved BEV skal vere den som førebur sakene saman med leiar av Samlingsutvalet og er sekretær for rådet. Rådet skal drøfte overordna planar og strategiar for Samlingsutvalet.

Det vart orientert om denne organiseringa på direktørmøtet i november i regi av fylkeskommunen og i eit ekstraordinært møte i Brukarforum i desember. Saka skal óg til politisk handsaming hjå fylkeskommunen.

Anna arbeid


Vi har også starta eit arbeid med å sjå på korleis musea kan redusere energiforbruket sitt, samstundes som det ikkje går på kostnad av bevaring av gjenstandane i musea. Dette er eit pågåande arbeid, og eit viktig spørsmål i lys av energikrisa vi står i. Vi planlegg fagdagar med same tema i april 2023.

I august vart varmekammeret flytta til Hordamuseet, og skulle etter planen verte flytta vidare til KODE i februar 2023. Diverre dukka det opp fleire tekniske problem med kammeret etter at det var flytta, slik at Bymuseet kom seint i gang med å bruke det. Det ser no ut til at problema er retta opp, og vi vil innarbeide betre rutinar for testkøyring og service for framtida.


Verdiberging og beredskapsplanlegging på BEV

Vi har utarbeidd ein verdibergingsplan for fellesmagasinet, og musea har spilt inn kva gjenstandar dei ønskjer at brannvesenet skal prioritere å evakuere i ei krise som til dømes ein brann.

Vi har utarbeidd ein beredskapsplan for uønska hendingar som kan råke oss. Dette kan t.d. vere vasslekkasjar, brann eller flaum. For å kunne legge ein god plan for å evakuere gjenstandar i ei krise gjennomførte vi ein øvingsdag i november der vi på førehand hadde sett opp ulike roller i eit beredskapsteam. Desse rollene er sikkerheitssjef, gruppeleiar opprydding, utstyrsleiar, bergingsleiar, bevaringsleiar og mediekontakt. Vi hadde sett opp eit scenario der eitt av sprinklerhovuda var utløyst på atelierar og gjenstandar frå eit fiktivt museum var blitt råka. Dei tilsette fekk tildelt ulike roller, og vi fekk øvd på korleis dei ulike rollene fungerte i praksis. Vi oppdaga fleire læringspunkt og ser kor nyttig det er å trene på ei hending i praksis.



Den blå plasten skal illustrere ei vasslekkasje frå ein sprinklar. Vi hadde funne fram gjenstandar som skulle illustrere våte gjenstandar frå ei museumssamling



Tale tørker opp «vatnet», medan Royla kontrollerer kven som går inn og ut av bygnaden.

Eksterne oppdrag

Avdelinga har ca. fire årsverk som er finansiert av eksterne oppdrag i tillegg til avtalen vi har med KODE. Våre kundar er alt frå norske museum, kyrkjer, bedrifter, offentlege institusjonar og privatpersonar. Det kom inn nye oppdrag jamt og trutt gjennom året.

Vi deltok i ein anbodskonkurranse som underleverandør til NIKU om konservering av kyrkjeinteriør frå mellomalderen. Dette er ein rammeavtale utlyst av Riksantikvaren. NIKU vann konkurransen, og vi har hatt møter med NIKU om vårt engasjement.

På oppdrag frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet har KA (Kyrkjeleg arbeidsgjevarorganisasjon) fått utarbeida ein rapport om kva kompetanse som krevst for å ta vare på dei verdiane som finst i norske kyrkjer. Vi gav faglege råd til rapporten som eit betalt oppdrag.

Riksantikvaren gjev tilskot til konservering av kyrkjetekstilar, og vi har difor mange oppdrag for kyrkjene. Typiske kyrkjetekstilar er alterteppe, antependium, vevde biletteppe og messehaklar. Vi ser at fleire av dei, ønskjer at vi tilstandsvurderer og pakkar om kyrkjetekstilane slik at det vert betre bevart. Dette er noko nytt, og kan potensielt vere eit stort arbeid for oss.

Vi konserverer årleg utandørsskulpturar og relieff for Bergen kommune og Voss herad. Restaureringa av Gamlehaugen har gjeve oss mange spennande oppdrag dei siste åra. Dette arbeidet vert lagt merke til og Dronning Sonja har sagt at ho er imponert over arbeidet vi gjer.

Mange norske museum har ikkje eigne konservatorar og kjøper difor tenester hjå oss. Det er i hovudsak konservering og montering av tekstilar og gjenstandar for utstilling og tilstandsvurdering av verk. Som noko nytt ønskjer dei å kjøpe ulike kursopplegg av oss.



Byste av Edvard G. Johannesen før og etter konservering

Tekstilatelieret

Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider: konservering og vurdering av riksregaliane.

Sande blanda kor: konservering av fane.

Statsbygg, Gamlehaugen: konservering av fem biletvevteppe frå peisestova samt rådgjeving om fargeval for å veve opp nye setetrekk til stolane i entréen.

Stavanger museum: konservering av draktdelar for ei ny utstilling på Stavanger museum.

Storebrand kunstsamling: konservering av verket «Natural Scenery I og II» av Aurora Passero.

DR. Lærums private medisinske samlingar, Voss: Konservering av jakke av ulvepels.

Hundvåg Menighet: Konservering av alterteppe

Stavanger kunstmuseum: Konservering av tre biletvevteppe av Elisabeth Harr

Klæbu seminar: konservering av fane

Museet Midt: Konservering av den så kalla Ørnekjolen.

Private kundar: Måleri av Nikolai Astrup på bomullsstoff.
 To teppe av Synnøve Anker Aurdal.



Emma konserverer måleri av Nikolai Astrup for privat kunde

Kulturhistorisk atelier

Bergen kommune: Konservering seks utandørsskulpturar og relieff i Bergen sentrum.

Synfaringar og konservering av skulpturen «Seiler for sol og vind» av Arne Vinje Gunnerud.

Saman med Elin Reisæter, rådgjevar for kunst- og kulturutvikling, Bergen kommune, har vår metallkonservator vore på befaring i Bergen sentrum for å sjå på tilstanden til skulpturar, og for å planlegge arbeidet i 2022 og prioritere skulpturar for konservering i 2023. Det er alt bestilt fleire kalkylar for neste års konserveringsprosjekt.

Voss Herad: Konservering av Per Sivle-monumentet, Bergslimonumentet og Ridande Vossabrydlaup. Konservatorane har og tilstandsvurdert fleire utandørsskulpturar og utarbeidd kalkylar på konservering.

Statsbygg, Gamlehaugen: Konservering av fat frå spisestova og montering av akrylfeste på dei som skal monterast på vegg. Det er utarbeidd kalkyle på konservering av ein øydelagt kinesisk vase.

Bergen kunsthall: Remontering av tre kunstverk på papir.

MTAB, firma spesialisert på transport av kunst: tilstandsvurderingar før transport.

Osafestivalen: Rådgjeving i samband med omreisande utstilling.

Udenes kirke/ Riksantikvaren: Tilstandsvurdering og utarbeiding av forslag til konservering og utstilling.

Privat kunde: konservering av ølkrus.



Lena konserverer skulpturen av I.C Dahl som står utanfor KODE1

Kurs

Sør-Troms og Midt-Troms museum: Kurs i gjenstands- og tekstilhandtering

Buskerudmuseene: Kurs om tekstilhandtering og IPM



Heidi held kurs for Sør-Troms og Midt-Trom museum

Drift av bygg

Brannsentral: Ny brannsentral er kome på plass med midlar frå Kulturrådet og Vestland fylkeskommune.

Klima: Det er installert befuktarkar i atelierane i 1. og 3. etasje, diverre er klimaet framleis for tørt til å gjennomføre enkelte konserveringsbehandingar utan risiko for at gjenstandar tek skade. Avfuktarane som vi har i mellomgangane mellom ytterveggane og magasina verkar som dei skal trass høg alder.

Bygg: Vindauga på 1913-bygningen har lause sprosper som fell av. Vi valde for nokre år sidan å fjerne ein del sprosper, då dei utgjer ein tryggleiksrisiko. Vestland fylkeskommune har, som eigar av bygget greidd ut ulike løysingar for å utbetre dette. Løysinga vart at vi skal undersøke om det er mogleg å lime fast nokre nye lause sprosper som ei mellombels løysing, inntil vindauga må byttas ut. Det er gjennomført kontroll av handhaldne brannsløkkjarar og slangar.

Skadedyr: Vi har plassert ut feller for å halde kontroll med skadedyr i alle rom. Desse vert sjekka med jamne mellomrom.

Kjemikaliedatabase: Vi inngjekk ein ny avtale med ECO-Online, noko som har gjort det mogleg å registrere inntil 500 unike stoff i databasen. I tillegg har vi teke i bruk eksponeringsregisteret, som gjev oss eit register over kva kjemikaliar kvar einskild tilsett har vore eksponert for. Alle tilsette har fått ei innføring i korleis dei sjølv skal registrere dette.

Uteområdet: Vestland fylkeskommune har bytt ut det gamle gjerdet opp til Kveldheim med eit nytt. Arbeidet er godkjent av fylkeskonservatoren. Det er ei utfordring at det kjem store mengder grus og stein ned vegen frå Kveldheim frå ei av eigedomane lengre oppe. Fylket har vore på

synfaring og juristane deira vil sjå på ei løysing. Eit eksternt firma har fjerna grusen i bakken, men det kjem stadig ned ny grus.



Nytt gjerde er på plass i bakken opp til Kvelheim

Forsking

Den 24.-28. oktober deltok Natalija på samlinga «Shut up and write» for å ferdigstille ein artikkel i samband med hennar doktorgradsarbeid. Vi har søkt og fått løyve om midlar frå forskingsnettverket i Vestland slik at ho kan få forskingsfri i ein månad i 2023.

Fornying

Vi vil halde fram med å arbeide for realisering av eit nytt fellesmagasin, samt sjå på korleis vi kan utvide kompetansen vår til det beste for alle musea i Vestland. Vi søker om midlar til å gjennomføre prosjekt som testar ut nye metodar og arbeidsformer som kan forbetre og fornye måten vi bevarer samlingane på saman med musea.

Prosjektmidlar

Vi sendte tre søknader til Museumsløft 2022, og fekk midlar til to av tiltaka. Den eine gjaldt restfinansiering av prosjektet for å etablere eit dokumentasjonstam, kor vi tidlegare har fått midlar frå KUP i tre år og midlar frå Museumsløft i fleire omgangar. Den andre søknaden gjaldt midlar til å skrive ein felles samlingsplan for musea i Vestland, og den vart innvilga med 200 000 kr. Den siste var søknad om midlar til fagdagar, som vi skal arrangere i 2023. Vi fekk ikkje midlar til fagdagane,

men har søkt og håper å få innvilga midlar frå Seksjon for samlingsforvaltning, Museumsforbundet.

Vi fekk omdisponert midlar som av att frå innkjøp av varmekammeret til arbeidet med nytt Samlingssentrum for musea i Vestland.

Nytt samlingssentrum for musea i Vestland

I januar vart det sett i gang et forprosjekt for utvikling av nytt fellesmagasin for dei konsoliderte musea i Vestland fylke. Det vart sett ned ei intern prosjektgruppe på Bevaringstenestene for å gjennomføre dette arbeidet. Natalija vart prosjektleiar, og Heidi, Torunn og Ida er med i prosjektgruppa. Torunn deltok saman med Elisabeth (direktør) på møter med fylkeskommunen om forprosjektet.

I våren 2022 vart talet på areal musea treng for å huse samlingane sine oppdatert. Vi tok utgangspunkt i rapporten «Fullt hus» som vart skriven for 7 år sidan, men mykje hadde skjedd i musea sidan den tid, og det var difor naudsynt å gjere dette arbeidet på nytt. Vi gjennomførte ei tostegs undersøking av arealbehovet, ved først å gjennomføre ei nettundersøking, før vi reiste rundt til alle musea og besøkte magasin og lager, for å gjere ei grov opptelling og oppmåling av gjenstandar.



Bevaringstenestene arrangert ein workshop kalla «Skal vi flytte saman?» for musea i Vestland. Cindy Zalm, som er leiar for samlingsforvaltninga ved musea for verdskultur i Nederland leia workshopen. Målet med samlinga var å få diskusjonar kring kva eit nytt fellesmagasin kan bli, og avdekkje kva praktiske funksjonar musea har bruk for i eit nytt bygg.



Workshop med Cindy Zalm

I tillegg til dette har vår prosjektleiar arbeidd med å setje seg inn i ulike typar fellesmagasinprosjekt, i Norge og i Europa, og særskild lågenergibygg då det er dette vi ønskjer at det nye magasinet skal vere. 18.-21. mai reiste prosjektgruppa ved BEV, samt leiar for samlingsrådet, Sølvi Vik og direktør i MUHO, Elisabeth Halvorsen til Nederland for ein studietur til tre ulike magasin. Dette gav oss verdifull kunnskap og inspirasjon til vårt nye bygg.

I sommaren 20200 gjorde vi dei siste justeringane i rapporten «Samlingssentrum Vestland» og ein ekstern grafisk designar utforma designet på rapporten, samt ein brosjyre som summerer opp innhaldet. Dette vart sendt i posten til politikarane på fylket i forkant av deia handsaming av saka i september. Rapporten vart presentert for medlemmane i Utval for kultur, idrett og inkludering 14. september i same møte som dei handsama saka.

I forkant av den politiske handsaminga hadde vi presentert innhaldet i rapporten for medlemmane i samlingsrådet, direktørane ved dei konsoliderte musea samt styret i Bymuseet.



Rapporten *Samlingssentrum i Vestland. Frå fellesmagasin til heilskapleg samlingsforvaltning*

Vi innleia eit samarbeid med NTNU i samband med ei utlysing av midlar frå Forskningsrådet. Vi ønska eit forskningsprosjekt på lågenergibbygg og korleis det kan tilpassast til norske forhold. Det viste seg at denne utlysinga ikkje var retta mot denne typen av prosjekt, men vi håpar å kunne søke midlar frå andre utlysingar, slik at vi kan få til eit samarbeid.

For å halde fram med arbeidet medan vi ventar på nytt frå fylket si side, har vi i haust hatt kontakt med fleire som har ulike typar erfaring med lågenergibbygg, blant anna Randi Kalskin Ramstad frå NTNU/Asplan Viak og John Olsen frå Vest-Agdermuseet. Vi har fått på det reine at det er fullt mogleg å bygge lågenergibbygg for norske forhold, men at det er viktig at det vert gjort undersøkingar av berggrunnen med klimamodelleringar for å kunne føresjå kva klima ein kan oppnå i bygget.

Dokumentasjonsteam

Bevaringstenestene har fått midlar frå Museumsløft og KUP til å etablere eit dokumentasjonsteam som skal bidra til å få opp kvalitet og kvantitet i registrering av samlingane til musea. Som ein test på korleis dette kan fungere i praksis vert musea sine samlingar av båtar registrert. Dette vert gjort i samarbeid med prosjektet «Båtsamlingene til museene i Vestland» som er eit samarbeidsprosjekt mellom Museumvest, Musea i Sogn og Fjordane og Hardanger og Voss museum.

Arkivutgreiinga i Vestland

Torunn deltok i referansegruppa for arkivutgreiinga i Vestland som representant frå musea, i eit av to møter og var intervjuet i samband med rapporten som vart skriva. Utgreiinga var på oppdrag frå Vestland fylkeskommune.

Deltaking på kurs og konferansar

BEV ser det som viktig å delta i kurs og konferansar som gir oss ny kunnskap som seinare vil komme musea og avdelinga til gode.

Heidi:	Kultur-IT sitt e-kulturseminar, med besøk i det nye magasinet til Anno Museum.
Ida F. B.:	BIG STUFF 2022
Lena:	Metall 2022 i regi av ICOM-CC. Smithsonian Archive Fest: Preserving Outdoor Collections. INCCA Lecture series Revisiting Interviews. 12 th Interim Meeting of the ICOM-CC Leather and Related Materials Working Group. <i>No Change workshop.</i> Kurs i varme arbeid og fått sertifikat for å kunne gjere voksbehandingar med open eld på bronseskulpturar eller for å sveise metalldelar.
Tale:	«Sustainable Collection Management», Seksjon for samlingsforvaltning ved Universitetet i Oslo Kurs for vidarekomne i Primus Seminar og Workshop: «Digitalisering av tradisjonsbåter ved norske museer», Norsk Maritimt Museum, Oslo
Torunn:	Vlfk si museumsleiarsamling i Sogndal Museumskonferansen til Kulturrådet i Bodø. Norges museumsforbunds leiarseminar 2022 i Trondheim. Leiarkurs i regi av EvoSpor i Flåm.
Sian:	“12th Interim Meeting of the ICOM-CC Leather and Related Materials Working Group” (online) “Recent advances in glass and ceramics conservation 2022», Lisbon, Portugal (online) <i>No Change workshop.</i>
Liesa:	“12th Interim Meeting of the ICOM-CC Leather and Related Materials Working Group” (online)

Ida, Tale, Natalija, Heidi: Webinar om skiving av lønsskrav. Forskerforbundet.

Alle tilsette har delteke på brannkurs.

Alle unntake Ida og Natalija har delteke på førstehjelpskurs.

Alle deltok på eit teoretisk kurs om stillas gitt av Bjørnar Myklebust, TIM. Arbeidsmiljølova krev at alle som arbeider i stillas skal ha delteke på eit teoretisk kurs i forkant.

Administrasjon

Felles MUHO

Vi deltek i relevante strategiske prosjekt.

Avdelingsleiar deltek i leiargruppa.

Verv

Ida AG: styremedlem i Hordaland Museumslag og i Norges Museumsforbunds seksjon for samlingsforvaltning

Royla: tillitsvald MAF lokalt og styremedlem MAF sentralstyre. Har delteke på Fagforeningsmøte i Amsterdam frå 31.8-2.9. og på Fagforeningsmøter i MAF/STAFO i Oslo.

Philippa: styremedlem i Forskerforbundet sitt lokallag

Torunn: Er oppnemnt av byrådet i Bergen som vara til styret i ArkiVest

Personale

Avdelinga har fem nye tilsette frå fem forskjellige land: Heleen (Lena) van Santen, metallkonservator frå Nederland, Sian Pirnie, gjenstandskonservator frå England/USA, Emma Hartikka, tekstilkonservator frå Finland, Signe Thøgersen, tekstilkonservator frå Danmark og Natalija Ćosić, preventiv konservator frå Serbia. Vi utgjer dermed eit av dei største konserveringsfaglege miljøa i Norge, med spisskompetanse innan mange materialtypar. I april kom den siste nye tilsette på plass, Tale Annesdatter Aasheim, samlingsforvaltar og prosjektleiar for dokumentasjonsteamet. Dei nye stillingane er delvis finansiert av ein auke i driftsmidlane, prosjektmidlar og auke i eksterne oppdrag.

Alle nye tilsette, som ikkje kjem frå eit av dei nordiske landa, har delteke på norskkurs i regi av Folkeuniversitetet.

Avdelingsleiar har gjennomført tre prøvetidssamtalar med alle nye tilsette, og som noko nytt er det gjennomført løns- og kompetansekartleggingssamtalar med alle.

I tillegg til det faglege har vi og fokus på det sosiale og har hatt sommarfest og julelunsj, i tillegg til at vi har delteke på MUHO sin fellestur til Hardingasete og andre fellessamlingar med fagleg og sosialt fokus.

Salhus 1.2.2023

Torunn Kojan Bøe